



Aktivitetsdag

i

Uskedal Båthavn

laurdag 15.juni

Program:

- 11.00 Opning
- 11.30 Danseoppvisning
- 12.00 Sang v/ Frida Nybakk
- 12.30 Skulemusikken
- 12.45 Musikklaget
- 13.00 Sjørøvarrebus
- 14.00 Andaløp i Uskedalselva
- 14.15 Aristocats
- 15.00 Hopp i Havet

11.00 - 15.00: Grilling, kaffi, kaker, is, sukkerspinn, leikeland, brannbil, lykkehjul, togturar, kuskitbingo, fotballkonkurrans, hesteskasting, jurklutkasting, bueskyting....

NB! Aristocats spelar til dans i Dønhauglåven kl. 21.00

Arrangør: Damevennene

Programmet på Aktivitetsdagen trekkjer eit stort publikum. Klikk på bildet for å få det større og les.

Aktivitetsdagen som Damevennene arrangerer i båthamnsområdet kvart år, er blitt svært populær. Publikumstilstrøyminga er svært stor, og har auka for kvart år. Sjølv om dei fleste kjem frå nærområdet, kjem det og ein del tilreisande, særleg båtfolk, til dette suksessrike familiearrangementet. Neste laurdag er det klart for årets utgåve.

Programmet er etter same leist som dei siste åra. Det opnar kl.11 og som vanleg er det ein del aktivitetar som går utover dagen. Også i år vert det både kuskitbingo, jurklutkasting og hesteskokasting. Det vert bogeskyting og fotballkonkurransse, lykkehjul og leikeland. Populære er og turane både med brannbil og Tøffe-toget.

I tillegg vert det mange innslag til faste tider 'frå scenen': musikkinnslag og dans, og sjørøvarrebus, andaløp og Hopp i havet som er årvisse innslag som er med og gjer Aktivitetsdagen til det populære arrangementet det er blitt!

Nytt av året er det at eit av Norges beste danseband Aristocats stiller på scenen etter andaløpet og varmar opp til Hopp i havet-konkurransen med flott musikk. Bandet stiller og lydanlegg til disposisjon heile dagen. Ein flott dugnadsgest frå Uskedalsvennene i det populære dansebandet!! Om kvelden spelar dei til dans på Dønhauglåven, og der bør det verta folksamt og toppstemning!

I tillegg til alle dei kulturelle innslaga vert det og servert mykje god mat; både grillmat og anna som høyrer med på eit slikt koseleg sommararrangement.


Slik eg ser det er Aktivitetsdagen eit blinkskot av eit familiearrangement. Damevennene har funne fram til eit spennande, variert og breidt program som tiltrekkjer alle aldersgrupper. Dessutan er den og vennleg med lommeboka til dei som deltar!

Av: Thor Inge Døssland

KUSKIT BINGO REGLAR!

Reglane er ganske enkle:

Grusparkeringa ved Systrene Nilsen blir inngjerda og delt opp i ruter. Kvar rute får eit nummer. Ein slepp ei ku inn i inngjerdinga - og så må ein berre venta og sjå kva rute kua skit i. Den som eig ruta kua skit i, blir vinnaren av ein gassgrill i frå FK butikken. Er det uklart kva rute kua skit i, er vinnaren den som har fått mes skit i si rute :-)



Bondelaget lanserte kuskitt-bingo i fjor. Det populære innslaget er sjølv sagt med også i år. (Klikk på bildet)